



## Protokoll frå styremøte i NGIR

**Tid:** 17.06.2014, kl 14.30 – 16.30

**Stad:** Kjevikdalen

### Frå styret møte:

Helge Fjellanger (leiar), Ottar Skjelvik (nestleiar), Kari Torkildsen Utkilen, Kristin Handeland, Martin Soltveit (1. vara)

### Frå styret møte ikkje:

Vigdis Søvik

### Frå representantskapet møte:

-

### Frå administrasjonen møte:

Erlend Kleiveland (dagleg leiar), Rune Ones, Hilde Lysø (ref.)

### Sakliste:

- Sak 12/14 Godkjenning av innkalling og saksliste
- Sak 13/14 Godkjenning av protokoll frå førre møte
- Sak 14/14 Meldingar
  - a. Tiltak mot gratispassasjerar
  - b. Diverse munnleg orientering
- Sak 15/14 Bemanning

### Sak 12/14 Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vart godkjent.

## **Sak 13/14 Godkjenning av protokoll frå førre møte**

Protokoll frå styremøte 28.04.2014 vart godkjent og signert.

## **Sak 14/14 Meldingar**

### **a) Tiltak mot gratispassasjerar**

Administrasjonen har utarbeidd eit notat som utgangspunkt for ei vurdering av om NGIR bør setja i verk tiltak mot gratispassasjerar på gjenvinningsstasjonane. Styret drøfta nokre av problemstillingane og moglege løysingar. Administrasjonen vil i løpet av dei næraste månadane gjennomføra kartlegging/datainnsamling som skissert i siste del av notatet. Styret vert halde orientert om utviklinga i saka.

### **b) Diverse munnleg orientering**

#### **1) Gjenvinningsstasjon Meland**

Stasjonen på Mjåtveit vart opna for publikum onsdag 21. mai, med m.a. ordføraren i Meland til stades. Stasjonen er open onsdagar og laurdagar. Stasjonen på Litlås er open måndag og laurdag, og stasjonen på Manger er open tysdag og laurdag. Stasjonen i Kjevikdalen er open måndag-torsdag, og laurdag. Som følgje av at alle gjenvinningsstasjonane er opne om laurdagane, har NGIR måtte tilsette ein del personar i deltidsstillingar. Det har vore jamnt besøk på stasjonen på Mjåtveit etter opninga.

#### **2) Omlastingshall Kjevikdalen**

Omlastingshallen i Kjevikdalen er teke i bruk. Restavfallet vert no dels sendt til Sverige til forbrenning med energiutnytting, og dels til BIR sitt forbrenningsanlegg i Rådalen. Det er Rekom AS som (etter godkjenning frå NGIR) avgjer kvar avfallet skal sendast, og prisen per tonn vert lik for NGIR, uavhengig av kvar avfallet hamnar.

### **3) Overvaking i Kjevikdalen**

NGIR har fått installert nytt overvakingssystem i Kjevikdalen. Systemet består av tre rørlege kamera, 2 faste kamera, samt termoovervaking av restavfallet i den nye omlastingshallen. Alt vert overvaka frå ein sentral. I tillegg er det montert høgtalarar, der overvakingssentralen kan meddela "inntrengingar" om at dei er observert og må forlata området. Systemet har medført sterkt minkande aktivitet på området utanom opningstida.

### **4) Reguleringsplan Kjevikdalen**

NGIR sitt framlegg til ny reguleringsplan i Kjevikdalen er no sendt til naboane til orientering og eventuelle kommentarar. Planen vert oversendt til Lindås kommune 20. juni, og vil deretter verta lagt ut på offentleg høyring. Planen omfattar både nytt areal til reinseanlegg, og noko utvida deponiareal.

### **5) Reinseanlegg**

NGIR har engasjert konsulent i samband med planlegging av reinseanlegg for sigevatnet frå deponiet i Kjevikdalen. Utkast til reinseanlegg er no klart. I fyrste fase er det planlagt basseng for partikkelfelling og sedimentering ("reinsetrinn 1"). Alle aktuelle miljøgifter og tungmetall bind seg til partiklar og vil såleis vera moglege å fella ut for sedimentering. Det er tatt høgde for at det i framtida og kan verta stilt krav om t.d. membranreinsing og/eller biologisk reinsing.

### **6) Resipientgransking**

NGIR har fått førebels rapport frå resipientgranskinga i 2013. T. Johnsen hjå NIVA orienterte på representantskapsmøtet 26.05.14 om resultata. Det er generell nedgang for alle tungmetall og miljøgifter i fht granskinga i 2002. Etter møtet den 26.05. kom det opplysningar om auka PAH-verdiar i botnsedimenta i forhold til tidlegare undersøkingar. NGIR ser det som svært sannsynleg at det er brannen i deponiet årsskiftet 2008/2009 som kan vera årsak til dette. (Også sannsynleggjort av NIVA). PAH er også av dei stoff som vil kunne fangast opp gjennom sedimentering. Det var også bekymring kring oksygenivået i den djupaste delen av Lurefjorden og Seimsfjorden, spesielt med omsyn til at NGIR sine målingar viste god vassutskifting i fjorden i 2011. NGIR vil ta opp att gjennomføring av årlege målingar av oksygensituasjonen.

Rapporten frå granskinga vil verta sendt medlemskommunane og fylkesmannen, samt lagt ut på NGIR sin nettstad, når den endelege versjonen ligg føre.

## **7) Rutinar for førstehjelp, varslingsplan og kriseplan**

Det er utplassert førstehjelpsutstyr, augespylar og brannslukkingsutstyr på alle gjenvinningsstasjonane. Alle NGIR sine tilsette vert kursa i førstehjelp, men det har ikkje vore særskilt fokus på korleis tilsette på gjenvinningsstasjonane skal forhalda seg til t.d. kundar som skadar seg. NGIR har utarbeidd varslingsplan og kriseplan, men vil gjennomføra revisjon av desse, og syta for at dei vert gjort betre kjent hjå alle tilsette.

Styret tok dei munnlege orienteringane til vitring.

## **Sak 15/14 Bemanning**

Dagleg leiar har tidlegare signalisert at det er trong for auka den administrative bemanninga. Dei siste 10 åra er bemanninga i produksjonen nær dobla, medan bemanninga i administrasjonen har auka med om lag 5 % (ei halv stilling). Driftsleiar Rune Ones ynskjer å trappa ned til 80 % stilling, og i den samanheng ynskjer dagleg leiar å auka bemanninga og samstundes endra noko på ansvarsforhold og arbeidsoppgåver. Innhaldet i stillinga som i dag heiter driftsleiar har vorte for omfattande, og er tenkt delt over to stillingar. Dagleg leiar ynskjer å fritta Rune Ones frå personalansvar og leiing av den daglege drifta, men la han behalda den delen av stillinga som omhandlar framtidsplanlegging (som t.d. utgreiingar og planlegging av reinseanlegg, reguleringsplan m.v.). I tillegg er det tenkt at han skal vera med og styrka HMT-arbeidet. Det er utarbeidd utkast til ny organisasjonsplan, som er lagt fram for dei tillitsvalte. Det er m.a. føreslått endringar i ansvarsområde og organisatoriske endringar samstundes. Dagleg leiar vil ha ein prosess med dei tillitsvalte kring dette. Dagleg leiar ser for seg at leiargruppa vert uendra.

Som følgje av dette vil dagleg leiar tilsetja ein produksjonsleiar, og ber styret om fullmakt til det.

### **Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:**

Dagleg leiar lyser ut stilling som produksjonsleiar.

**Vedtak i styret 17.06.14:**

Dagleg leiar lyser ut stilling som produksjonsleiar.

*Kjevikdalen, 17.06.2014*

-----  
Helge Fjellanger  
-styreleiar-

-----  
Ottar Skjelvik  
-styremedlem-

-----  
Kristin Handeland  
-styremedlem-

-----  
Kari Torkildsen Utkilen  
-styremedlem-

-----  
Martin Soltveit  
-varamedlem-